

Handlingsprogrammet til Heiplanen 2024-2027



Foto: Suldal Foto, Jarle Lunde

Føreord

Fylkestinga i Vestfold og Telemark, Agder, Rogaland og Vestland fylkeskommunar har godkjend handlingsprogrammet 2024-2027 og sikra eit økonomisk og administrativt spleiselag for å få gjennomført prosjekta og tiltaka i handlingsprogrammet. Vedtaka var samrøystes i alle fylkestinga.

FT Telemark fylkeskommune, 28. februar 2024, sak 3/24.

Vedtak:

- 1 Telemark fylkeskommune vedtar forslag til handlingsprogram for 2024-2027.

- 2 Telemark fylkeskommunes finansieringsbidrag for 2025, 2026 og 2027 innarbeides i årlige budsjett og i økonomiplaner.
- 3 Telemark fylkeskommune vedtar å bidra med sin del av finansieringen for 2024. Beløpet på 293 500 kroner dekkes over budsjetttrammen til sektor samfunnsutvikling for 2024.
- 4 Telemark fylkeskommune forutsetter at Vestland, Rogaland og Agder fylkeskommune fatter vedtak liklydende punkt 1, 2 og 3.

FT Vestland fylkeskommune, 13. desember, sak 124/23.

Vedtak:

- 1 Fylkeskommunen godkjenner Heiplanen sitt handlingsprogram for 2024-2027
- 2 Vestland fylkeskommune føreset at Rogaland, Telemark, og Agder fylkeskommunar fattar liknande vedtak, som i pkt.1, pkt. 2 og pkt. 3, første setning.

FT Agder fylkeskommune, 12. desember, sak 36/23.

Vedtak:

- 1 Fylkestinget godkjenner Heiplanen sitt handlingsprogram for 2024-2027.
- 2 Agder fylkeskommune sin eigenandel for 2025, 2026 og 2027 blir innarbeidd i dei årlege budsjetta og i økonomiplanen.
- 3 Fylkestinget vedtek å løyve si eigenandel for 2024. Beløpet på 293 500 kroner blir teke innanfor årets ramme avsett til formålet.
- 4 Agder fylkeskommune føreset at Rogaland, Telemark og Vestland fylkeskommunar fattar liknande vedtak, som i pkt.1, pkt. 2 og pkt. 3, første setning.

FT Rogaland fylkeskommune, 12. desember, sak 137/2023.

Vedtak:

- 1 Handlingsplan for 2024-2027 for Heiplanen godkjennes.
- 2 Fylkestinget forutsetter at Agder, Telemark og Vestland fylkeskommuner fatter lignende vedtak.
- 3 Regional-, kultur- og næringsutvalget ber om rapportering undervegs i handlingsprogramperioden, med evaluering av om tiltakene virker etter intensjonen.

Innholdsfortegnelse

1 Bakgrunn

2 Heiplanen

3 Handlingsprogrammet

4 Budsjett og finansieringsplan


1 Bakgrunn

På byrjinga av 2000 talet vart det sett søkelyset på utfordringane for villreinen og arealbruk grunna ei bit for bit nedbygging av leveområda deira. Prosjektet Villrein og samfunn kom med ei rekkje tilrådingar, jf. rapporten Villrein og samfunn, NINA temahefte nr 27, 2004, for korleis sikre funksjonelle og samanhengjande leveområde for villreinen.

- Oppretta nasjonale villreinområde for å kunne ha eit heilskapleg perspektiv på leveområda uavhengig av kommune- og fylkesgrenser.
- Oppretta to europeiske villreinregionar for å synleggjera det internasjonale ansvaret Noreg har for villreinen, jf Bern konvensjonen.
- Utarbeide regionale planar for dei nasjonale villreinområda.

Tilrådingane vart følgd opp i Stortingsmeldinga nr 26 (2006 – 2007) Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand. Her heiter det.. *stimulere til at fylkeskommuner, fylkesmenn og kommuner samarbeider om regionale planer for fjellregionen som avklarar langsiktige rammer for blant annet hyttebygging, næringsutvikling og store infrastrukturtiltak. Regjeringa vil stimulere til bedre samordning mellom verneforvaltning og forvaltning etter plan- og bygningsloven og andre lover i fjellet.. sikre villreinens sentrale plass i norsk fjellfauna gjennom regionale planer og etablering av europeiske villreinregioner og nasjonale villreinområder.*

Det vart definert ti nasjonale villreinområde. Våren 2007 kom Miljøverndepartement med ei oppmoding til fylkeskommunane om å utarbeide regionale planar for dei nasjonale villreinområda kor perspektivet skulle vera ivaretaking av leveområda til villreinen med å kartfesta eit nasjonalt villreinområde og bygde- og næringsutvikling i randområda til nasjonalt villreinområde.



2 Heiplanen

Regional plan for Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei, kalla Heiplanen, blei vedtatt i fylkestinga i Rogaland, Hordaland, Vest-Agder, Aust-Agder og Telemark, våren 2012. Heiplanen omfattar Setesdal Vesthei og Setesdal Austhei som er to av dei ti nasjonale villreinområda. Miljøverndepartementet stadfesta Heiplanen våren 2013. Planen er ein regional plan i medhald av plan- og bygningslova og er retningsgjevande for kommuneplanlegginga. Heiplanen skal leggjast til grunn for både lokale, regionale og statlege styresmakter i planlegging og i tiltak, jf § 8-2 i plan- og bygningslova.

Heiplanen er eit regionalpolitisk styringsdokument som skal sikre ei heilskapleg arealforvalting av heieområda og ivaretaking av leveområda til villreinen uavhengig av kommune- og fylkesgrenser. Verktya er omsynssoner med retningslinjer. I omsynssone *nasjonalt villreinområde*, NVO skal arealbruken og arealbehova til villreinen vera avgjerande og vektast tyngst i avklaringar av framtidig arealbruk. I omsynssone Villrein skal omsynet til arealbruken og arealbehova til villreinen avklarast med bruk av konsekvensutgreiing i handsaminga av planar og tiltak. I omsynssone Trekkområde har villreinen sin arealbruk fyrste prioritet. I omsynssone Bygdeutvikling er omsynet til villreinen sin arealbruk avklart.

Store delar av planområdet til Heiplanen er verna i medhald av naturmangfaldlova. Storparten av verneområda ligg innanføre omsynssone *nasjonalt villreinområde*, NVO i Setesdal Vesthei. Det største verneområdet her er *Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde* med eit areal på 2 345 km² og slik Noregs nest største verneområde og det største sør for Haukelifjell.

Heiplanen omfattar etter regionreforma 2020, fylkeskommunane Vestland, Rogaland, Agder og Vestfold og Telemark. I 2024 skil Vestfold og Telemark lag og Telemark fylkeskommune blir med i Heiplanen. Det er 18 kommunar som er omfatta av Heiplanen. Reelt er det 17 kommunar som er med. Strand kommune har grunna svært lite areal i planområdet, ei heller areal i omsynssone nasjonalt villreinområde, ikkje delteke i planarbeidet og i oppfølginga av Heiplanen. Etter kommunereforma, er Forsand og Sandnes slått saman til Sandnes kommune og Odda kommune er slått saman med kommunane Jondal og Ullensvang til Ullensvang kommune.



3 Handlingsprogrammet



Foto: Suldal Foto, Jarle Lunde

Heiplanen er ein regionalplan i medhald av plan- og bygningslova med krav om eit fireårig handlingsprogram. Handlingsprogrammet skal medverka til å gjennomføra Heiplanen og oppfylle hovudintensjonane med planen, som er å:

- Legge til rette for samanhengjande og funksjonelle leveområde for villreinen
- Legge til rette for ei berekraftig bygde- og næringsutvikling Heiplanen har fire satsingsområde
- Bygde- og næringsutvikling
- Kunnskapsbasert planlegging og utvikling
- Heilskapleg arealforvalting

Kommunal planoppfølging Handlingsprogrammet er ei konkretisering av desse med tiltak, finansiering, ansvar og samarbeidspartnarar.

Bygde- og næringsutvikling	Tiltak	Økonomi. Ressursar	Hovudansvar. Samarbeidspartnarar
1.1 Levande og attraktive bygder og grender kring villreinfjellet	1.1.1 Vidareutvikle og forvalte støtteordninga Levande og attraktive bygder og grender kring villreinfjella. Søkelyset skal vera korleis legge til rette for bygde- og næringsutvikling samstundes som det ikkje vet lagt auka press på leveområda til villreinen.	1.4 mill årleg. (Med atterhald om løyving frå Miljødirektoratet som føreset)	Heiplansekretariatet, Heiplankommunane
1.1 Levande og attraktive bygder og grender kring villreinfjellet	1.1.2 Utarbeide ein besøksstrategi for bygdene kring villreinfjella Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei. Besøksforvalting handlar om å sjå reiseliv, friluftsliv og bygdeutvikling i samanheng. Intensjonen er å ivareta natur- og kulturverdiar samstundes som det gir grunnlag for ei brei lokal verdiskaping i bygdene. Besøksstrategien er verktyet.	100.000	Heiplansekretariatet, Studentoppgåve, NMBU (?). Kontakt:Fyrsteamanuensis Knut Bjørn Stokke, Institutt for by- og regionalplanlegging.

Bygde- og næringsutvikling	Tiltak	Økonomi. Ressursar	Hovudansvar. Samarbeidspartnarar
	Besøksforvaltning skal bidra til å sikre at opplevelsen blir god for besøkende og fastboende, samtidig som man skal ta vare på sårbare natur- og kulturkvaliteter og sikre den lokale verdiskapingen blir størst mulig. Besøksforvaltning betyr at man skal sikre en bærekraftig utvikling som er innenfor grensene til det natur, landskap, miljø og lokalsamfunn og lokal kultur tåler, samtidig som det gir grunnlag for sunn næringsdrift, lokal verdiskaping og bygdeutvikling. (Kjelde NMBU)		
1.1 Levande og attraktive bygder og grender kring villrein fjellet	1.1.3 Etablere eit fagnettverk innan reiseliv og reisemålsutvikling for fylkeskommunane i Heiplanen.	20.000 årleg	Leia av Agder FK, reiseliv.
1.2 Kulturminne og kulturmiljø som	1.2.1 Informasjon og formidling av	Eigeninnsats. Eigne midlar.	Kulturmiljøgruppa i Heiplanen. Leia av Agder

Bygde- og næringsutvikling	Tiltak	Økonomi. Ressursar	Hovudansvar. Samarbeidspartnarar
ressursar i bygde- og reisemålsutviklinga	kulturminne, kulturmiljø og kulturarv. Eit tiltak; Legge inn forteljingar i Askeladden og kople Askeladden, kulturminnesøk og ut.no.	Andre moglege finansieringskjelder	FK- kulturarv
1.2 Kulturminne og kulturmiljø som ressursar i bygde- og reisemålsutviklinga	1.2.2 Gjera kulturhistorieforteljinga som vart utvikla av Agder FK gjennom verdiskapingsprosjektet til SVR, tilgjengeleg for alle kommunane i Heiplanområdet.	Eigeninnsats	Kulturmiljøgruppa i Heiplanen. Leia av Agder FK- kulturarv.
1.3 Næringsutvikling og berekraftig bruk av utmarksressursane i heieområda	1.3.1 Dialogmøter med beitenæringa	50.000 årleg	Statsforvaltaren i Rogaland, landbruk. Heiplansekretariatet v/Rogaland FK. Beitelaga

Kunnskapsbasert planlegging og utvikling	Tiltak	Økonomi. Ressursar	Hovudansvar. Samarbeidspartnarar
2.1 Kunnskap om kulturminne og kulturmiljø	2.1.1 Kvalitetssikra registreringane av kulturminne i heieområda og oppdatera Askeladden.	Eigeninnsats. Eigne midlar	Rogaland FK, kulturarv. Telemark FK, kulturarv.

Kunnskapsbasert planlegging og utvikling	Tiltak	Økonomi. Ressursar	Hovudansvar. Samarbeidspartnarar
	Telemark og Rogaland har ein del att.		
2.1 Kunnskap om kulturminne og kulturmiljø	2.1.2 Samle kunnskap om fangstgroper og deira kulturhistorie. Gjennomføra C14 dateringar og kontrollregistreringar.	30.000 årleg. Eigeninnsats	Agder FK, kulturarv
2.1 Kunnskap om kulturminne og kulturmiljø	2.1.3 Samle kunnskap om kulturminne i reguleringsmagasin i forbindelse med vilkårsrevisjonane, Otra, Ulla-Førre.	Eigeninnsats. Moglege finansieringskjelder: Sektoravgiftsmidlar, Riksantikvaren, fond/ Vilkårsrevisjonar.	Rogaland FK, kulturarv. Agder FK , Agder FK Otra-vassdraget
2.1 Kunnskap om kulturminne og kulturmiljø	2.1.4 Fagsamlingar for dei som arbeider med kulturminne og kulturarv i heieområda.	Eigeninnsats. 25.000 årleg.	Kulturmiljøgruppa i Heiplanen. Leia av Agder fylkeskommune.
2.2 Kunnskap om villreinen sin arealbruk og avbøtande tiltak	2.2.1 Løyve midlar til gjennomføring av avbøtande tiltak forankra i tiltaksplan for Setesdal Vesthei og Setesdal Austhei. Tiltaksplanen skal vera ferdig innan årskiftet 2023/2024. I perioden 2020 – 2023 er potten til avbøtande	3.304.000	Heiplansekretariatet. Samarbeidspartnarar: Dei som søker på midlane og som skal gjennomføra.

Kunnskapsbasert planlegging og utvikling	Tiltak	Økonomi. Ressursar	Hovudansvar. Samarbeidspartnarar
	tiltak støtta med halvparten frå Miljødirektoratet og halvparten med budsjettmidlar frå fylkeskommunane, sjå 4.3.2 i HP 2020 - 2023. Ubrukte midlar på kr. 3.303, 102, avrunda til 3.304.000 frå denne potten blir overført til handlingsprogrammet 2024 – 2027.		
2.3 Kunnskap om sau og arealbruk i heieområda og samspelet sau og villrein.	2.3.1 Oppfølging av problemstillingar frå nettverksmøtet mellom beitenæringa, NIBIO og verneområdeforvaltinga, sjå tiltak 1.3.1 i HP 2020 - 2023.	100.000	Statsforvaltaren i Rogaland, landbruk. Heiplansekretariatet v/RFK. Beitenæringa, Statsforvaltarane i Heiplanområdet, SVR, NIBIO
2.3 Kunnskap om sau og arealbruk i heieområda og samspelet sau og villrein.	2.3.2 Kartlegge verdiskapinga med bruk av heieområda til beitebruk og matproduksjon.	100.000	Statsforvaltaren i Rogaland, landbruk. Heiplansekretariatet v/RFK. NIBIO
2.4 Kunnskapsformidling til barn og ungdom	2.4.1 Arrangere/legge til rette for opplegg for å gi skuleungdom auka kunnskap, stoltheit og	150.000 årleg	Heiplansekretariatet forvaltar midlane. Mogleg for aktuelle å søkje om midlar.

Kunnskapsbasert planlegging og utvikling	Tiltak	Økonomi. Ressursar	Hovudansvar. Samarbeidspartnarar
	forståing av heieområda og villreinen.		

Heilskapleg arealforvalting	Tiltak	Økonomi. Ressursar	Hovudansvar. Samarbeidspartnarar
3.1 Samordning, samsnacking, fagleg påfyll.	3.1.1 Årlege heiplansamlingar	125.000 årleg	Heiplansekretariatet. SVR, Villreinnemnda
3.2 Kunnskapsbasert arealplanlegging og konsekvensanalyser	3.2.1 Utarbeida arealrekneskap for alle Heiplankommunane	Eigeninnsats	Heiplansekretariatet v/Agder FK. Gis-Vestland, Rogaland FK, Telemark FK, Heiplankommunane

Kommunal planoppfølging	Tiltak	Økonomi. Ressursar	Hovudansvar. Samarbeidspartnarar
4.1 Planfagleg rettleiing. Regionalt planforum	4.1.1 Fokus i rettleiinga. · Innarbeide omsynssonene, og retningslinene frå Heiplanen i kommuneplanane Omsynssone nasjonalt villreinområde, skal kartfestast i kommuneplanane. · Vurdera arealbruksføremålet grøntstruktur i arealdelen for å sikre ein	Planfagleg rettleiing er ei lovpålagt oppgåve for fylkeskommunane. Eigeninnsats	Fylkeskommunane. Statsforvaltarane. Heiplankommunane

Kommunal planoppfølging	Tiltak	Økonomi. Ressursar	Hovudansvar. Samarbeidspartnarar
	samanhengjande grønstruktur/turløyper knytt til hytteområder. Intensjonen er å styrke hytteområda som reisemål, rekreasjonsstad samstundes som grøntstrukturen skal kanalisera ferdsel bort frå sårbare natur- og villreinområde. · Korleis kommunane kan nytte kommuneplanen til å legge til rette for bygde- og næringsutvikling i randområda til villreinfjella.		
4.2 Kunnskapsspreiing	4.2.1 Arrangere digitale fagseminar for kommuneplanleggjarane. Aktuelt tema: Korleis bruka arealrekneskapen i planlegging og konsekvensanalyser.	Eigeninnsats	Heiplansekretariatet

4 Budsjett og finansieringsplan

Bygde- og næringsutvikling	Kjelde	2024	2025	2026	2027
1.1.1 Regional støtteordning: Levande bygder og grender kring villreinfjella	Miljødir. FK	Miljødir.: 700.000. FK: 700.000	Miljødir.: 700.000. FK: 700.000	Miljødir.: 700.000. FK: 700.000	Miljødir.: 700.000. FK: 700.000
1.1.2 Utarbeide besøksstrateg	FK	100.000	-	-	-
1.1.3 Etablere fagnettverk reiseliv	FK	20.000	20.000	20.000	20.000
1.3.1 Arrangere og følge opp dialogmøter beitenæringa	FK	50.000	50.000	50.000	50.000

Kunnskapsbasert planlegging og utvikling	Kjelde	2024	2025	2026	2027
2.1.2 Samle kunnskap om fangstgroper og dyregraver. C14 dateringar	FK	30.000	30.000	30.000	30.000
2.1.4 Fag/nettverkssamlingar- kulturarv	FK	25.000	25.000	25.000	25.000
2.2.1 Løyve midlar/gjennomføring av avbøtande tiltak forankra i tiltaksplanen for Setesdal Vesthei og Setesdal Austhei. Overførte midlar frå HP 2020 – 2023. Her kan det vera aktuelt når tiltaksplanen er	FK	826.000	826.000	826.000	826.000

Kunnskapsbasert planlegging og utvikling	Kjelde	2024	2025	2026	2027
ferdig og søkje Miljødirektoratet om dlar og då må fylkeskommunane fylle på med truleg 50% av budsjettmidlar for å få løyvd midlar.					
2.3.1 Oppfølging av problemstillingar frå nettverksmøtet hausten 2023 mellom beitenæringa, forskning og verneområdeforvaltinga.	FK	100.000	-	-	-
2.3.2 Kartlegge verdiskaping av heiebeite	RFK og AFK	-	100.000	-	-
2.4.1 Formidling av kunnskap til skuleungdom	FK	150.000	150.000	150.000	150.000

Heilskapleg arealforvalting	Kjelde	2024	2025	2026	2027
3.1.1 Heiplansamlinga kvart år	FK	125.000	125.000	125.000	125.000
SUM	-	2.826.000	2.726.000	2.626.000	2.626.000

Finansieringskjelder 2024-2027	2024	2025	2026	2027
Rogaland fylkeskommune	293.500	396.000	346.000	346.000
Agder fylkeskommune	293.500	396.000	346.000	346.000
Vestland fylkeskommune	62.500	62.500	62.000	62.000

Finansieringskilder 2024-2027	2024	2025	2026	2027
SUM fylkeskommunane	943.000	1.200.000	1.100.000	1.100.000
Overført ubrukte midlar frå potten 4.3.2 i HP 2020-2023. Avbøtande tiltak for betre leveområde for villreinen.	826.000	826.000	826.000	826.000
Overført ubrukte midlar til gjennomføring av tiltak i HP 2020-2023	357.000	-	-	-
Midlar frå Miljødirektoratet, nasjonalt program villrein fjellet som verdiskapar, tiltak 1.1.	700.000	700.000	700.000	700.000
SUM andre finansieringskilder	1.883.000	1.526.000	1.526.000	1.526.000
SUM	2.826.000	2.726.000	2.626.000	2.626.000